

Det er Uskedalen Utvikling som eig og har ansvaret for oppslagstavla. Oppslagstavla har tre bruksområde:

- Hovudfeltet i midten er betalte plakatskåp frå kvar einskildaktør. Eigjar har nøkkel og skal sjå til at det som står der er oppdatert og aktuell informasjon.
- Feltet til høgre er for allmenn bruk. Her kan alle gjera kjend sine arrangement.
- I feltet til venstre på tavla skal det berre vera kart, tur- og turistinformasjon.

Det er informert om bruken på dei ulike felta.

Uskedalen utvikling har tilsyn med bruken. Det er vår oppgåve å sjå til at gamle plakatar og annan informasjon vert fjerna og at alle rettar seg etter bruksreglane.

Det vert reagert dersom nokon riv ned for å finna plass til sine plakatar eller at ein heng oppslag over det andre har hengt opp før.

Vi er takksame om alle brukar bosspannet like ved når ein tek ned eller kastar oppslag.

Uskedalen Utvikling